

Forbod mot bruk av **før- og etterbilete** og tilbod om kreditt i marknadsføring av **kosmetiske inngrep**

Styresmaktene stiller særlege krav til marknadsføringa av kosmetisk kirurgi – det vil seie kirurgiske inngrep der formålet berre er å endre utsjånaden.

Eiga forskrift om marknadsføring av kosmetiske inngrep

Helsepersonellova § 13 set vilkår for marknadsføring av helse- og omsorgstenester, og Statens helsetilsyn fører tilsyn med marknadsføringa. Når det gjeld tilsyn med marknadsføring av kosmetiske inngrep, fører også Forbrukertilsynet slikt tilsyn. Tilsynet skjer da etter marknadsføringslova og blir særleg utøvd der marknadsføringa er retta mot barn og unge.

Etter helsepersonellova må verksemder som marknadsfører tenestene sine, gjøre dette på ein forsvarleg, nøktern og sakleg måte. Når det gjeld kosmetisk kirurgi, er krava utdypa i ei eiga forskrift om marknadsføring av kosmetiske inngrep.

Forskrifta gjeld for «kirurgiske inngrep». Dette er først og fremst inngrep der det blir brukt kirurgisk kniv, men også andre behandlingsformer kan komme inn under reglane: for eksempel bruk av laser, kanylar for utsuging, deponering/implantasjon av kunstige materiale under huda og sprøyter. Behandlingar/inngrep som ikkje blir definerte som kirurgiske inngrep, for eksempel mange hudbehandlingar, er ikkje omfatta av forskrifta.





Forskrifta omfattar vidare alle typar marknadsføring og i alle typar medium, medrekna marknadsføring i papirform, i lyd- og biletrekklame, på internett, på salsmesser eller liknande og i kurs- og undervisningsverksem. Marknadsføring kan også skje i pasientkonsultasjonar, i samband med at pasienten samtidig får informasjon om behandlinga.

Forbod mot å bruke før- og etterbilete
Forskrifta § 4 slår fast at marknadsføringa ikkje skal skje på ein måte som verkar støytande eller krenkjande, eller som spelar på lyte eller fordommar mot normale kroppsvariasjonar. I praksis inneber dette blant anna eit forbod mot å bruke før- og etterbilete i marknadsføringa.

Helsetilsynet har behandla ei sak mot ein privatpraktiserande plastikkirurg som marknadsførte fleire ansiktsbehandlingar som «ansiktssløft uten kirugi» på heimesida si og i eit magasin. Ansiktsbehandlingane blei marknadsførte med før- og etterbilete.

Vi vurderte at fire av behandlingane kunne definerast som kosmetisk-kiruriske behandlingar. Eitt av inngrepa omfatta bruk av kirurgisk kniv og deponering av trådar under huda. Ved eit anna inngrep, der det blei gjort ei djup kjemisk «skrelling» av huda, la vi til grunn at denne behandlinga teknisk sett kunne sidestillast med ei laserbehandling og derfor kunne vurderast som eit kirurgisk inngrep. Dei to siste inngrepa gjaldt smelting av underhudsfeitt, og vi vurderte det eine av desse inngrepa som eit kirurgisk inngrep fordi det blei ført ein tynn kanyle med laser på tuppen inn under huda for å smelte feittet.

Plastikkirurgen fekk ei åtvaring for brot på forskriftera § 4 jf. helsepersonellova § 13.

Forbod mot tilbod om kreditt og forbrukslån

Etter forskriftera § 6 kan ein ikkje tilby kreditt eller forbrukslån når ein marknadsfører kosmetiske inngrep. Slik marknadsføring kan ha eit klart aggressivt preg, noko som igjen kan føre til impulsive avgjerder og press om å gjennomføre kosmetiske inngrep.

Helsetilsynet har behandla ei tilsynssak mot ein privat klinikks som tilbys kosmetisk kirurgi. Utgangspunktet for tilsynssaka var at klinikken på nettsidene sine hadde ei prisliste med oversikt over ulike kosmetiske inngrep, der det gjekk fram at pasientane kunne få rentefritt lån i ni månader gjennom banksambandet til klinikken.

Helsetilsynet kom til at dette var eit tilbod om kreditfinansiering, og at marknadsføringa dermed var i strid med forskriftera § 6, jf. helsepersonellova § 13.